

Referat frå instituttrådsmøte

Institutt for framandspråk

Møtetid: onsdag 29. januar 2025

Stad: rom 216, HF-bygget

Merknadsfrist til referatet er 10. februar 2025.

Til stades:

Frå gruppe A: Kjetil Berg Henjum, Ingunn Lunde, Eirik Hovden, Lene M. Johannessen og Martin Paulsen.

Frå gruppe B: Alejandro Ayala-Wold.

Frå gruppe C: Anne Hestnes.

Frå gruppe D: Christine Fagg og Solveig Aadland

Administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug møtte som referent.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referat frå møtet 4. desember 2024

Godkjent utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

- A. Instituttleiar orienterte om dei to allmøta som har vore om arbeidsmiljøet ved instituttet, det eine i desember og det andre i januar. Situasjonen i kjølvatnet av tilsetjinga på arabisk og Midtaustens historie var bakgrunn for allmøta. Dialogen mellom vernetenesta og leiinga ved instituttet har halde fram, og det vil gå ut ein open invitasjon i næraste framtid der IF-tilsette blir inviterte til å delta i møte i mindre grupper. HR-seksjonen ved fakultetet organiserer desse møta. Instituttleiar ved IF var dessutan invitert til fakultetsstyret 28.1 i år for å orientera om arbeidsmiljøet ved IF.
- B. Tilsetjingar framover:
 - Peter Good på arabisk og Midtaustens historie og Bebwa Isingoma på engelsk lingvistikk byrjar begge i faste stillingar 1. mai.
 - IF har etter utlysing tilsett vikar på russisk (50 prosent) og på fransk fagdidaktikk (22 prosent).

- Stipendiatstillinga på Darklax-prosjektet er under tilsetjing.
 - IF lyser ut to ph.d.-stillingar i vår: ei knytt til Nykiel og Rusten si forskargruppe i engelsk lingvistik og ei knytt til Haukås si forskargruppe Multilingualism on My Mind.
- C. Instituttleiari orienterte om oppfølginga av studieporteføljeprojektet, der IF hadde ei samling med fagkoordinatorane i byrjinga av januar. Fakultetet skipar til eit «speeddating»-seminar 14. februar om emnepakkar og fellesemne.
- D. Instituttleiari orienterte om prosjektet Framandspråk for framtida, der IF samarbeider med Framandspråksenteret og Amalie Skram vgs. Framandspråksenteret vil m.a. hjelpe instituttet med ein analyse av korleis det står til med framandspråka i skulen i Vestland fylke, løfta fram framandspråka i det offentlege rommet og assistera med tiltak retta mot elevar, foreldre og tilsette i skuleverket.
- E. I 2025 er det val på alle nivå ved UiB: rektor, dekan, fakultetsstyre og instituttråd. Sak om nominasjonskomité for instituttrådet blir sendt på sirkulasjon til medlemmane av rådet. Hovden meinte det var viktig for instituttrådet og heile instituttet å reflektera over valet og slo til lyd for eit forum der kandidatane presenterer det dei står for, og han ønskte dessutan ei oppmoding til kandidatane om å leggja skriftlege program. Instituttrådet drøfta ulike spørsmål knytt til valet, og instituttleiari foreslo eit allmøte på instituttet i februar med informasjon om dei ulike vala.

Sak 4 – rekneskap 2024 og budsjett 2025

Administrasjonssjefen orienterte om rekneskapen for 2024, budsjettet for 2025 og spareplanen for 2025-2027. Møtet drøfta ulike sparetiltak og nedsidene med desse. Det kom kritiske merknadar til den stramme pengebruken og konsekvensane det vil kunna ha for kvaliteten på undervisinga. Uthaug meinte instituttet neppe ville få lov til å budsjettera med underskot, bortsett frå i heilt spesielle tilfelle, og at det heller ikkje ville vera tilrådeleg med ei slik budsjettering. Instituttleiari streka under at det finst ulike måtar å redusera ressursbruken til undervisning, og at slike tiltak må arbeidast fram i samarbeid med det konkrete faget. Det blir lagt inn ein tekst i IF-nytt om instituttøkonomie, der instituttleiinga sin spareplan blir presentert.

Vedtak (samrøystes): Instituttrådet tek til vitende rekneskapen for 2024 og vedtek framlegget til driftsbudsjett for instituttet i 2025.

Sak 5 – HMS-plan for IF

Instituttleiari orienterte om HMS-planen.

Vedtak (samrøystes): Instituttrådet vedtek framlegget til HMS-plan for 2025.

Martin Paulsen,
instituttleiari

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef

